


## SLUTTRAPPORT FOR SATSINGA

### ”Vurdering for læring” v/Åmås Friskule (ÅF),: 3-delt 1-7 barneskule.

#### Mål

Det overordna målet for oss har vore at vi gjennom bevisstgjerung og kontinuerleg fokus på formativ vurdering; dvs. vurdering som støttar/fremjar læring, får betre struktur på og felles forståing av vår eigen (skulen sin) vurderingspraksis. Og at undervegsvurdering som har som mål å forbetre eleven sin kompetanse, vert integrert i læringsprosessen.

Eg trur vi kan seie at vi har nådd måla vi sette oss i startfasen. Ikkje alt er like målbart, men eg kan trygt seie at vi som kollegium er på ein heilt annan ståstad enn vi var for berre eitt år sidan. Likevel er det eit stykke fram til vi er der vi *vil* vere, men vi ser at dette er heilt i tråd med modellen under, som er ein god illustrasjon på at implementering av utviklingsarbeid tek tid! Utifrå denne modellen kan vi no seie at vi er i implementeringsfasen, og at det endå vil krevje strukturert satsing på arbeid med vfl før dette har vorte ein naturleg del av organisasjonen! Dette opplevde vi ganske strekt ved skulestart i år, då vi kjende på at vi litt famlande henta fram måla for satsinga; dei fire prinsippa for god undervegsvurdering, kvar vi står/ kvar vi vil/ og korleis vi skal kome oss dit. Denne «famlinga» enda i ein svært god og fruktbar diskusjon, og det var særskilt i løpet av denne diskusjonen at eg fekk ei sterk kjensle av at vi står på ei heilt anna plattform no enn vi gjorde før avgang ved skulestart i fjor. Syns dette seier mykje om kva denne satsinga har vore verdt for oss som skule☺



#### Organisering, roller og ansvar

\* Alle lærarane (6 lærarar + 1 assistent + rektor) ved ÅF tek del i og er aktivt involverte i satsinga. Frå hausten-13 fekk vi altså både ein lærar til og ein assistent med i satsinga. P.g.a.

mindre bunden tidsressurs, har det ikkje vore like enkelt å involvere assistenten i deltakinga, og assistenten har difor vore berre halvegs med i den prosessen vi andre har teke del i. Ho får likevel med seg mykje gjennom den daglege undervegsvurderinga i klasseromet, og er absolutt delaktig.

\* Alle klassetrinna tek del i satsinga.

\* Skulestyret er positive og engasjerte i satsinga.

\* Ressursperson (rektor) har ansvar for å tilrettelegge, planlegge og motivere, og sjølv sagt å følgje opp satsinga på alle nivå. Også hatt ansvar for og prøvd å vidareformidle så mykje som mogeleg frå samlingane i Oslo og på Molde. Siste halvåret hatt fokus på tilrettelegging og oppfølging av arbeidet i *Lærande nettverk*, samt sjølv sagt den vidare skuleringa/drivet framover på planleggingsdagane /-øktene våre.

\* Kvar enkelt lærar har ansvar for å følgje opp i sine fag/klasser.

\* Dei føresette har fått informasjon om satsinga på fellesmøte for føresette, slik at dei skal forstå kva både elevar og lærarar snakkar om. Dette vert også forklart, omtala og nytta i vurderingsgrunnlag i utviklingssamtalar med heimane, og på klasseforeldremøte.

### **Endringar i vurderingspraksis og VFL i klasserommet.**

Vi har sidan satsinga starta, hatt fokus på og reflektert mykje både over eigen vurderingspraksis, og skulen sin vurderingspraksis.

Som kollegium har vi fått mykje større vurderingskompetanse, og vi har utvikla ein mykje betre felles vurderingspraksis enn vi hadde tidlegare. Desse endringane ser vi klart i den daglege praksisen i klasseroma, og eg ser fram til å samanlikne resultatane frå Ståstadsanalysen i fjor, med den vi vil ta no i desember – eitt år etter. I fjor fekk vi ikkje fullført fase 3 i analysen, men dette har vi som mål å fullføre i år.

Vi gjennomførte elevundersøkinga for 7.kl., men dessverre på ein dag då systemet datt i hop, og resultatane såleis ikkje vart registrerte. Vart ikkje klar over dette før etter ganske lang tid. Vi fekk tilbod om å ta undersøkinga på nytt, men det vart på det tidspunktet vanskeleg å få gjennomført. Tek den sjølv sagt dette skuleåret.

Vi har hatt fokus på dei alle dei 4 prinsippa for god undervegsvurdering, og vi ser endå tydelegare enn før at dette har forplanta seg til vurderingspraksisen i klasseroma.

Dette syner seg spesielt i arbeid med læringsmål og vurderingskriterium; tilbakemeldingar som er tufta på kvaliteten i utført arbeid/prestasjon; klart uttrykte faglege tilbakemeldingar om utviklingspotensiale; og elevar som er involverte i eige læringsarbeid og eigen/-kameratvurdering i mykje større grad enn tidlegare.

Det er kanskje vanskeleg å måle dette i faglege prestasjonar etter så kort tid, men vi kan i alle fall trygt seie at elevane har fått eit mykje tydelegare faglege fokus, og eit heilt anna språk m.o.t. læringsmål, kriterium og vurderingspraksis. Sjølv sagt ser vi dette best i dei øvste klassene, men vi ser stadig tydelegare teikn på at det har skjedd ei endring på dei lavaste trinna også. Seinast i dag synte elevane i 3.+4.kl. fram presentasjonar om seg sjølv som dei hadde laga i PowerPoint. Resten av elevgruppa (1.-7.kl.) vart orienterte om kriteriana for presentasjonen, og enkeltelevar fekk så i etterkant av kvar presentasjon i oppdrag å vurdere framføringane etter dei gjevne kriteriana. Dette gjorde dei med seriøse og gode tilbake/-framovermeldingar, og eg kjenner på at dette har vorte eit naturleg språk på heile skulen. Lærarane gjev også stadig uttrykk for at det er motiverande å jobbe med VFL, og at det har ført til ein ny dimensjon i undervisninga 😊

### **Lærande nettverk, kompetansebygging og erfaringsspreiing.**

Siste halvåret (jan.-sept.), har vi i tillegg til nettverkssamling med Bjørkedal Nærskule, hatt 2 samlingar i utvida Vfl-nettverk. 1.saml.var i London 10.-13.jan, der alle 6 lærarane + rektor frå

Åmås Friskule deltok. Dette var ein flott tur med rikt fagleg utbytte, der vi hadde fagdag ilag med Bjørkedal Nærskule og DNS i London på laurdagen, og skulevandring på måndagen. Inspirerende og motiverande for satsinga vidare! Legg ved programmet for fagdagen, og også presentasjonen som ÅF hadde om «Learning partner». Vi såg klart at dette berre var starten på slike utvida nettverkssamlingar, og at det lett let seg gjennomføre i og med det gode og rimelege flytilbodet frå Vigra. Ressurspersonane ved skulane våre har vidareført det gode samarbeidet, der vi informerer kvarandre om utviklinga og deler erfaringane våre gjennom facebookgruppa for det utvida nettverket. DNS i Rojales i Spania er også med her. Dette er eit fint forum for erfaringsdeling, som vi absolutt vil utvikle vidare.

Neste steget i det utvida nettverkssamarbeidet, var at 3 lærarar frå DNS i London, + 2 lærarar frå DNS i Rojales no i september vitja Åmås og Bjørkedalen, og dermed hadde ei ny flott samling ilag! Sjølv om tida var litt vel knapp for alt vi gjerne ville fått utretta, så vart samlinga svært nyttig og inspirerende også denne gongen! Intensiv og flott både uformell og formell erfaringsdeling© Legg ved programmet for samlinga.

Elles driv vi med ganske mykje kompetansebygging i vårt eige vesle nettverk; dvs. i kollegiet ved ÅF. Vi har organisert mykje bunden tid i 7 heile planleggingsdagar pr. år (i tillegg til den 39.veka), noko som gjev oss tid og rom til å gå litt i djupna på aktuelle satsingsområde. Dette får vi til ved at elevane går ein time meir enn dei skal pr. veke, og så avspaserer dei dette på 7 onsdagar fordelt utover skuleåret. Vfl.er oppe som eiga sak på desse onsdagane, og eg legg ved døme på saklister til orientering. I tillegg drøftar vi sjølv sagt dei ulike opplegga som «pågåar» i klassene på dei faste møta våre kvar veke.

Legg ved eit døme på eit enkelt og lett gjennomførbart eigen-/lærarvurderingskjema som vi starta opp med i haust. Kjempefin prosess der alle elevane (3.-7.kl.) og alle lærarane som er involverte i engelsk stasjonsundervisning, samla drøfta seg fram til kva kriterium som var viktige med tanke på å oppnå endå betre arbeidsinnsats, og dermed endå betre læring på dei ulike stasjonane. Så langt har vi sett svært gode resultat i arbeidsinnsatsen, og vi opplever at elevane er kritiske og ærlege i eigenvurderinga si. Spesielt positivt ved bruken dette skjemaet, er at alle involverte partar er medeigarar, og at det såleis vert lett å samlast om resultat og framdrift.

Elles har vi framleis stor nytte av å bruke stoffet på UDIR sine vurderingssider, og ikkje minst filmene der har vore til stor inspirasjon. Vi brukar også aktivt mange skjema vi har funne på desse sidene. Absolutt matnyttig! (desse skjema og andre saker som eg har sendt tidlegare sender eg ikkje på nytt, men dei er å finne vedlagt undervegsrapporten)

### **Vidareføring av arbeidet med vfl.**

På veg heim etter siste vfl-samling på Gardermoen (mykje venting og dermed tid til refleksjon), skreiv eg ned følgjande tankar om vegen vidare:

Refleksjonar om vegen vidare etter siste samlinga i Oslo:

## **MÅL FOR ARBEIDET VIDARE MED VFL v/ÅF:**

**ÅMÅS FRISKULE SKAL HA SOM OVERORDNA MÅL Å  
INSTITUSJONALISERE EIN VURDERINGSKULTUR DER AUKA  
LÆRING FOR ELEVAR OG LÆRARAR HAR HOVUDFOKUS.**

### Dette skal vi nå ved å:

- ✚ Heile tida ha perspektivet «kontinuerleg forbetring av vurderingspraksis» i fokus.
- ✚ Auke lærarane sin vurderingskompetanse gjennom:
  - ein transparent kultur der vi lærer ilag, og deler raust av erfaringane våre. Klasseromsvandring og kollegalæring er sentralt her, og likeeins lærande nettverk både internt og eksternt;

*«Dersom eg kunne sjå gjennom din synsvinkel, og du gjennom min - så ville vi begge sjå noko vi ikkje kunne sjå på eiga hand.»*

*-Peter Senge*

Det var interessant å hente fram desse refleksjonane no, og sjå kvar vi faktisk står no på denne vegen;

- ✚ *Heile tida ha perspektivet «kontinuerleg forbetring av vurderingspraksis» i fokus*: Ja, der meiner eg vi er.
- ✚ *Auke lærarane sin vurderingskompetanse gjennom*:
  - *ein transparent kultur der vi lærer ilag, og deler raust av erfaringane våre. Klasseromsvandring og kollegalæring er sentralt her, og likeeins lærande nettverk både internt og eksternt;*

Absolutt ja med tanke på transparent kultur, kollegalæring og lærande nettverk, medan klasseromsvandring/ skulevandring er det som er vanskelegast å kome i gang med. Dette til trass for at det å vandre rundt i klasseroma og observere/ lære av kvarandre er eit sterkt ynskje frå alle lærarane, så handlar det atter om tid. Underteikna har lova å prøve å få dette inn i organiserte tidfesta former, men det handlar då framleis om tid. Nokon må steppe inn i det klasseromet slik at læraren kan verte frigjort til å vandre...

- ✓ Vi ser stor læringsfremjande nytteverdi i arbeidet med vfl, og vil vidareføre denne satsinga. Målet er at vfl vert implementert i den daglege undervegsvurderinga og i undervisninga generelt på alle klasstrinn.
- ✓ Vi vil som nemnt over satse vidare på dei lærande nettverka vi har etablert, og bruke desse aktivt m.o.t. erfaringsdeling og som motivasjonsfaktor i vidare utviklingsarbeid. Neste samling er allereie så godt som tidfesta til Rojales i april...
- ✓ Vidare arbeid med informasjon om vfl til føresette.

- ✓ Vidare arbeid med ein overordna struktur og felles rammer for skulen for t.d. halvårsvurdering og bruk av kartlegging/-nasjonale prøver. Snusar på Vokal.
- ✓ Vi vil følgje med på aktuelle kurs som tek opp vfl i ulike fag, og sende aktuelle lærarar på desse. Kjenner nok på at vi har vorte litt selektive, og at kursa må bere preg av ei viss «tyngde» før dei vert aktuelle!
- ✓ Arbeide vidare med det eg som ressursperson ser som viktig men ikkje har fått tid til; t.d. sjå og arbeide med fleire av dei mange gode videoforedraga som ligg på UDIR sine sider. Sameleis aktuelt stoff som dukkar opp i pulje 5 sitt opplegg. Dette vil vi også prøve å samordne med Bjørkedal Nærskule, slik at vi held kontakta og kan inspirere og motivere kvarandre vidare!
- ✓ Elles vil vi ta Ståstadsanalysen på nytt, og følgje opp med ei runde til med dei spørsmåla vi har stilt til kvar enkelt lærar om vurderingspraksisen i kvardagen. Det vil også, gjennom elevundersøkinga, verte interessant å sjå korleis 7.kl.si oppfatning av vfl. er.

### **Utfordringar.**

Utfordringa i startfasen var korleis ein skulle få med heile kollegiet, og «eige» satsinga i fellesskap. Dette har gått fint, og eg meiner å kunne seie at vi har ei samla oppfatning i kollegiet om at det har vore positivt å få vere med i denne prosessen!

Sjølv om ikkje alle har kome like langt i arbeidet med vfl, så er alle på god veg og involverte i satsinga.

Elles er framleis den største utfordringa TID! Vi er ein aktiv skule, og oppdraga er mange, så det er heile tida mykje vi må diskutere og jobbe med i fellesskap. Ein evig kamp om prioriteringar, men vi kjenner likevel på at det ikkje er så vanskeleg å få vfl inn på saklista☺

### **Råd til Fylkesmannen & UDIR.**

Vil takke for flott opplegg frå begge partar! Eg er imponert over opplegga, og glad for at vi har så god fagleg kompetanse i begge desse leirane. Dette har eg sagt før, og eg står ved det! Har tidlegare uttrykt ynskje om at satsinga vert ført vidare med t.d. årlege samlingar, til implementeringa er på plass, og dette trur eg er veldig viktig. Det er altfor mange tidlegare satsingar som har vore kutta for kjapt, slik at dei knappast vart implementerte, og slett ikkje institusjonaliserte. No er vi heldige som har eit fagleg sterkt og godt nettverk, og såleis god inspirasjon til arbeidet vidare derifrå, men det er likevel viktig med eit overordna driv☺

Åmås Friskule, 15.09.14,  
Anne-Karin Espe  
-rektor